



HJELMELAND
KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
052/25	Kommunestyret	PS	12.06.2025

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Haldis Karine Nilsen	K1-149	24/1360

KOMMUNEPLANEN SAMFUNNSDEL 2025-2037 ENDELEG UTGÅVE ETTER JUSTERINGAR VEDTEKE I KSAK 43/25

Forslag til vedtak

Kommuneplan for Hjelmeland 2025-2037 vert godkjent slik han ligg føre etter justeringar pr 3.6.25.

Hjelmeland, den 28.05.2025

Janne Johnsen
Kommunedirektør

Kommunestyret 052/25

KST - behandling:

Behandling:

Representanten Hatløy (SP) sendte over redaksjonelle endringar, som nemnt i møtet, til administrasjonen. Endringar i teksten er utheva:

Kommunestyret 12.06.25

KOMMUNEPLAN HJELMELAND 2025-2037

Overskrift side 1 KOMMUNEPLAN HJELMELAND 2025-2037 **bør ha med Samfunnsdelen** i overskrift

3.2 Økonomi midt på side 6

Ein sunn økonomi er ein føresetnad for at kommunen også i framtida kan vera ein utviklingsaktør i lokalsamfunnet. Det er samanhengen mellom store lån, lågt disposisjonsfond og lågt driftsresultat som gir utfordringar for kommunane ifølgje Riksrevisjonen. Samanhengen mellom desse tre indikatorane gir eit bilete av det økonomiske handlingsrommet og den økonomiske berekrafta vår. Kommunen har vedteke følgjande måltal for å sikra sunn økonomistyring:

- Netto gjeldsgrad (gjeld i prosent av inntekter) – **maks** 75%
- Netto driftsresultat – minimum 2% av driftsinntekter
- Disposisjonsfond – **minimum** 15% av driftsinntekter

Arealstrategi

5.3 Miljømessig berekraft side 16

Me skal leggje til rette for ei miljømessig berekraftig arealutvikling:

- Før ein legg til rette for nye byggeområde skal det føreliggja eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om naturfare og naturmangfald. Dette bør **(må vel stå skal, ikkje bør?)** liggja føre når **futbyggingsorslag (trykkfeil her som sikkert blir retta)** vert sendt kommunen

Kulepunkt 4:

Me skal nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark, redusera inngrep i våtmark og myrområde og anna viktig natur. Dette gjer me ved å byggja tett i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde, både i nye og eksisterande byggeområde. Me ynskjer også å redusera dagens **50 m** omsynssone til 25m langs sjø/vassdrag

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - vedtak:

Kommuneplan for Hjelmeland 2025-2037 vert godkjent slik han ligg føre etter justeringar pr 3.6.25 og redaksjonelle endringar som nemnt i møtet.

Samandrag

Etter vedtak i kommunestyret i maimøtet 2025, har kommunedirektøren gått gjennom plandokumentet og justert i tråd med det ein oppfatta var bestillingen, jfr kommunestyrevedtak 43/25 punkt A og B. Ferdig dokument ligg ved.

Partar i saka:

Ikkje relevant

Fakta

Etter høyring i prioden 24.2.-16.4.25 vart framlegg til kommuneplan samfunnsdel endeleg handsama i kommunestyret 22.5.25. Det vart fatta følgjande vedtak:

KT - vedtak:Innstilling frå formannskapet med vedtekne endringar:Forslag til revidert kommuneplan samfunnsdel vert på bakgrunn av gjennomført høyringsrunde justert slik:

KST - vedtak:

Innstilling frå formannskapet med vedtekne endringar:

Forslag til revidert kommuneplan samfunnsdel vert på bakgrunn av gjennomført høyringsrunde justert slik:

A 01 SAMANDRAG

Vert supplert med prosessen vidare etter høyring.

02 INNLEIING

2.2 Utviklingstrekk, prosess/medverknad: Vert forsøkt korta litt inn

2.3 Folkehelsestatus:

Skriva noko meir om inkludering og integrering og nemna CRPD

03 RAMER FOR PLANEN

Generelt gå gjennom tekstten for om mulig korta litt ned (det er tema som er nemnde fleire gonger).

3.7 Omformulera litt og få med litt vedr. særleg verdifull lokal kulturarv

3.8 Kommentera noko meir dette med integrering og inkludering/mangfald.

Supplera med eit punkt 3.9 som omhandlar drikkevatn og anna vatn

Eige punkt på landbruk med henvisning til kommunen sin «handlingsplan for landbruk»

04 VISJON, SATSINGSOMRÅDE OG MÅL

- Omtale landbruk og sirkulærøkonomi særskilt under hovudmål 2 Næringsutvikling
- Hovudmål 4 Klimaomstilling: Sjå meir på formulering av delmål. Omdøypa overskrift til Klimaomstilling og klimautslepp

Supplera med eit hovudmål for oppvekst og integrering med utgangspunkt i dette forslaget: Me skal leggja til rette for ein trygg og inkluderande oppvekst, med gode barnehagar og skular og ein aktiv friviljug sektor.

05 AREALSTRATEGI

- ·Gå gjennom arealstrategien med sikte på ei betre kopling mellom dei andre kommunedelplanane og denne
- ·Auka vegetasjonsbelte til større vassdrag til 30m
- ·Gi tydelegare signal i forhold til planvasken
- ·Trekke fram Svadberg og Viganeset som viktige industriområder for kommunen.

B Kommunestyret får forelagt justert plan til endeleg godkjenning.

Endringar:

Endring til pkt 5.1: For å sikra moglegheit for bustadbygging i grendene, skal me ha områder sett av til spreidd bustad- og næringsbygging

Nytt kulepunkt 7 i kapittel 5 AREALSTRATEGI under 5.1 Sosial berekraft på side 15: ·Me skal legge til retta for eigna og attraktive område for bubilparkering og campinganlegg der det er tenleg og trong for

Punkt 3.7 Kultur og kulturarv:

Nytt siste avsnitt: Dei fire kyrkjene, særleg Årdal gml. Kyrkje, men og dei andre kyrkjene, både i Hjelmeland, Årdal og Fister, er viktige deler av historia og kulturarven vår. Dei kan trekkjast meir aktivt inn i utstillingar, turistframstøyt og kulturtiltak elles.

Punkt 3.9 Friviljug innsats

Endring i tredje setning, første avsnitt: «Det gjeld særleg innafor kyrkje- og kulturlivet elles,...»

Lovar, føresegner, rundskriv

Det vert her vist til plan og bygningsloven kap 11, særleg prg 11-2 og 11-3. "

§ 11-2.Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.

For utarbeiding og vedtak av kommuneplanens samfunnsdel gjelder [§§ 11-12](#) til [11-15](#).



§ 11-3.Virkningen av kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.

Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.

Økonomiske konsekvensar

Ingen direkte, men dette er kommunen sitt øvste styringsdokument og arbeid med budsjett og handlingsplan skal følgja opp måla i planen.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Det vert her vist til gjeldande kommuneplan 2019-2031

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø

Dette er kommunen sin klimaplan

Konsekvensar for barn, unge, eldre, folkehelse og menneske med nedsett funksjonsevne

Planen legg opp til satsing på eit aldersvenleg samfunn. Planen er utvida med eit eige hovudmål for inkludering og oppvekst.

Vurdering av universell utforming

Planen er styrka med eit eige punkt for CRPD

Innkomne uttalar

Planen har ikkje vore på høyring etter kommunestyret sitt vedtak i mai

Vurdering og konklusjon

Plandokumentet er prøvd justert etter kommunestyret sitt vedtak i sak 43/25. Justert plandokument ligg ved. **NB: Gul farge betyr at teksten går ut. Raud farge betyr ny tekst.**